

# Møtebok for Kyrkjeleg fellesråd i Kvam

**Saksnummer:** OSL/11/25  
**Innkallingsdato:** 23.10 . 2025  
**Møtedato:** 05.11. 2025  
**Møtestad:** Øystese kyrkje  
**Møtetid:** 16.30-18.30

**Medlemer tilstades på møtet: 6** Margun Mikkelsen Tordal  
Kjell Dysvik  
Vetle Karlsen Eide  
Astrid Lunestad  
Astrid Helleve Fylkesnes  
Ida Lindøe

**Varamedlemer tilstades: 3** Tove Fjell  
Arvid Auganæs  
Gunnar Kvandal

**Meldt forfall: 4** Magne Kolstad  
Tor Håkon Berge  
Lisbeth Henriksen  
Arne Opsahl-Engen

**Andre:** Olav Skeie Lid, sekretær

**Møteleiar:** Kjell Dysvik

### **31/25 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat**

*Samrøystes vedtak: Sakliste, innkalling til dagens møte, samt møtebok for fellesrådsmøte 17. sept 2025 vert godkjende. Til å skriva under møteboka for førre fellesrådsmøte vert valde: Ida Lindøe og Margun Mikkelsen Tordal.*

### **32/25 Meldingar**

*Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd tek framlagde meldingar til vitande.*

- Minnelunden i Øystese er i desse dagar i ferd me å verta ein realitet. Entreprenør Johan Skeie AS har vore i sving sidan tidleg i august, og tidsplanen ser ut til å halda godt. I november set me ned dei første urnene i det som vert ein verdig og godt gjennomarbeidd minnelund. Sjå elles sak 35/25!
- Lønsoppgjer for alle tilsette er vel i hamn. Tariffoppgjeret i år var utan lokale forhandlingar, og var av det greie slaget. Kyrkjevevje har også hatt lønssamtale med leiar og nestleiar i fellesrådet, og ein vart samde om å gje den same prosentvise auken som for alle dei andre tilsette, 4%.
- Det er mykje godt frivillig vedlikehaldsarbeid for tida: i Vikøy sit ein god flokk og reparerer benkeputer til Vikøy kyrkje, andre reparerer kyrkjegardsmur kring den same kyrkja. I Øystese er tilsvarande reparasjons-prosess med fillete benkeputer i gang.
- På kyrkjegarden i Øystese dukka det fram ein gammal husmur under graving av ei grav. Denne er no fjerna, og vassledning omlagt, i same sveipen. Arbeid måtte utførast med stor maskin - men også dette fekk utført på dugnad!
- Helletaket både i Vikøy og i Ålvik hadde trong for tilsyn, der lause heller vart oppdaga. Jan Mo AS og Fartøyvernsenteret sine folk har sytt for at me no kan vinteren tryggare i møte.
- Siste: innsamlingskomiteen for orgelrestaurering i Strandebarm har nådd målet sitt, og vøla er fullfinansiert! Kr 1.025.000,- lyder summen på, og kontrakt er skriven med Ryde&Berg. Arbeidet skal gjerast til våren 2026.

### **33/25 Økonomisk kvartalsrapport nr 3**

*Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd tek rapporten til vitande. Det førebelse resultatet er på + 393 555,- så langt i år. Fellesrådet bed likevel kyrkjevevje halda fram det gode arbeidet med stram styring av økonomien.*

Resultatrapport og kommentarar til rekneskapsstatus ligg som eige vedlegg til innkallinga.

### **34/25 Sluttrapport restaurering Strandebarm kyrkje**

*Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd tek rapporten til vitande, og takkar alle aktørar for godt og vel gjennomført arbeid!*

Restaureringa av Strandebarm kyrkje er fullført. Skinande blankt kopartårn helsar no vegfarande, og kvar ei helle er systematisk lagt om og festa på nytt. Loftet har fått ny isolasjon, og alle vindaugo i tårnet er restaurerte på fagleg vis. Nye beslag er komne på plass over alt, nye takrenner blenkjer i sola, og tårnet er både skrappt og måla to gonger.

Samarbeidet med entreprenør Hardanger og Voss museum har vore upåklageleg, like eins dialogen med Kvam herad og Riksantikvaren undervegs. Det føreligg solid dokumentasjon av heile prosessen, både skriftleg og i biletform, og det er med glede me ser at katedralen i Strandebarm no framstår både vakker og godt sikra for å tola det som måtte koma dei neste 150 åra – minst.

Sluttrapporten frå entreprenør Hardanger og Voss museum ligg ved som eige vedlegg.

Sluttrekneskapen ser slik ut:

Total kostnad: kr 6 385 195,-

Tilskot frå riksantikvaren: 3 442 597,-

Kvam herad sitt bidrag: 2 942 598,-

Kvam herad har vore ein særdeles god sparringpartner undervegs, og fungerer for tida som velvillig bank for meirverdiavgifta. Denne vil Kvam kyrkjelege fellesråd få att frå staten komande år, men summen er stor – nesten 1, 7 mill – og det er heilt avgjerande at Kvam herad har høve til å gje fellesrådet denne handsrekkjinga gjennom eit kortsiktig lån. Takkar!

### **35/25 Symbolbruk i minnelund**

*Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd opnar for at det kan nyttast eit avgrensa tal symbol i samband med Øystese namnelund sine minnetavler. Desse er: kross, blom, fugl og hjarte. Det kan også opnast for kort tekst knytt til namn og datoar.*

*Vetle Karlsen Eide (geistleg representant) sette fram nytt framlegg:*

*Kvam kyrkjelege fellesråd utset saka, og bed kyrkjevevje koma attende med ny sak, med meir utfyllande opplysningar frå overordna regelverk, statsforvaltar, og erfaringar frå andre minnelundar og liknande.*

*Ved avrøysting vart framlegget frå Vetle Karlsen Eide vedteke med 6 mot 3 røyster.*

Minnelundande kjem - og her skal me inn i eit nytt og ukjent landskap saman. Minnelunden i Øystese sine namnetavler er romslege og store, og innbyr på mange måtar til meir enn berre namn og datoar. Likevel tenkjer kyrkjevevja at det er naturleg med ei avgrensing av kva som kan vera av symbol, og kor mykje tekst det er naturleg å opna for. På den eine sida er dette ein strengt

uniformert minnelund, med sams font og bokstavtypar. Slik må det vera. På den andre sida er gravminne høgst private og personlege – og skulle ikkje ei raus kyrkje gje rom for det personlege preget? Samstundes er det det heilt naudsynt med ei avgrensing – dersom alle skal få ha sitt symbol, vert det fort vanskeleg å styra. Skal f. eks Liverpool FC sitt emblem godkjennast?

Eit blikk ut i Noreg gjer oss ikkje mykje klokare. Det er stor variasjon minnelundar og kommunar imellom, og gravferdslova gjev heller ikkje detaljerte retningslinjer for dette. Våre egne nye vedtekter regulerer heller ikkje dette.

Kyrkjevevja har prøvt seg på eit salomonisk kompromiss i vedtaket, vel vitande om at det er lett å trø feil i eit kjenslevart felt. Det er lett å sjå for seg at dispensasjonssøknader kan verta ein del av kvardagen.

### **36/25 Val av fellesrådsleiar og nestleiar for 2026**

*Samrøystes vedtak:*

*Kjell Dysvik vert attvald som leiar for Kvam kyrkjelege fellesråd for 2026.*

*Astrid Helleve Fylkesnes vert attvald som nestleiar for same periode.*

Det skal veljast fellesrådsleiar for 2026, og likeeins nestleiar for fellesrådet for same periode. Saka vert lagt fram utan tilråding.

### **37/25 Tildeling av ledige trusopplæringsmidlar**

*Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd godkjenner at fylgjande tiltak får stønad frå ledige trusopplæringsmidlar frå kyrkja hausten 2025:*

- *Norheimsund og Øystese Ungdomskor kr 15 000*
- *Ungdomsklubben Origo kr 15 000*
- *Barnekoret Shine kr 10 000*
- *Øystese barnekor kr 5 000*
- *Øystese sundagsskule kr 5 000*

Me ser altså at me vil ha om lag kr 50 000 av unytta tilskot til trusopplæring for 2025. Desse må brukast i 2025 for å friske midlar i 2026.

**I tillegg** til dette framlegget, har kyrkjevevje allereie tilsett Marte Ølfarnes i 4 % stilling fram til jul for å ta seg av småbarnstreffet i kyrkja annankvar onsdag, og tilsett Bjørnar Sangolt i 6% stilling fram til jul for å driva **Kraft**, eit tilbod til tweens i Norheimsund, spesielt retta mot gutar. Dette tilbodet føregår på Norheimsund bedehus.

Gode, gamle Marna Roer, kateket i Kvam i mange år, vil også få eit engasjement i ein månads tid i desember, - ho har lova ta seg av krubbevandringar med barnehagane i år. Lina Lyngset har i tillegg lova å arrangera **Lys vaken** for oss i Norheimsund kyrkje! Det går seg til.

### **38/25 Møtekalender våren 2026**

*Samrøystes vedtak: Fellesrådet vedtek følgjande møtekalender for 2025:*

- 7. januar (endeleg budsjett, vedlikehaldsplan etc)
- 11. mars (årsmelding, rekneskap)
- 13. mai (kvartalsrapport)